



**STUDENT**

**PARLAMENTET**

VED HØGSKULEN I VOLDA

# Protokoll

## Studentparlamentsmøte 29.11.2023

**Tid** Onsdag 29.11.23. kl 16.00-20.00.  
**Stad** Konferanserommet, Rokken 2. etg.

Til stades med stemmerett: 8 fysisk til stades, 1 digitalt

**AHL** Elisabeth Myrås Olsen, Severine Riise Eidem  
**AKF** Vivian Mjelve (digitalt), Lisa W. Nieuwenhuis  
**AMF** Karsten Quix, Steffen Savland  
**ASH** Amalie Benberg,  
**FRI** Daniel Svindseth Pettersen (AHL), Sander Fredrik Nesvik Jensen (ASH),  
**Meldt forfall:** Desmond Sharukai (ASH)

Ingen til stades utan stemmerett

**AU** Ammy Bolme (leiar), Ronda-Kristine Bekkevoll (info og nestleiar), Maher Othman (int.), Veronica Bjørdal Sæternes (velferd), Tuva Bergersen (fagansvarleg)

**Ordstyrar** Andrine Kompen  
**Referent** Kardis Hasfjord (organisasjonskonsulent)  
**Andre møtande**

## Innhald

Sak 23 – 23/24: Godkjenning av innkalling og protokoll .....	3
Sak 24 – 23/24: 2.3. Godkjenning av sakslista.....	3
Sak 25 – 23/24: Orienteringar .....	3
Sak 26 – 23/24: Revidering av budsjett .....	4
Sak 27 – 23/24: Allmøte for tillitsvalte .....	4
Sak 28 – 23/24: Rekneskapen for Fadderveka 23 .....	5
Sak 29 – 23/24: Innspill til investeringsmidler .....	5
Sak 30 – 23/24: Frivilligpermisjon .....	5
Sak 31 – 23/24: Studentprisen 23-24.....	6
Sak 32 – 23/24: Vegg til Studentorganisasjonar.....	6
Sak 33 – 23/24: Åpen mulighet til å omgjøre parlamentskontoret .....	7
Sak 34 – 23/24: Sanitærprodukt ved alle toalett .....	7
Sak 35 – 23-24: Eventuelt.....	8

## Sak 23 – 23/24: Godkjenning av innkalling og protokoll

### Namneopprop.

9 røysteføre, Studentparlamentet er vedtaksdyktige

### Vedtak: (samrøystes)

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

- Ronda og Veronica (frå AU) blir valde til teljekorps for møtet
- Dersom ikkje fast ordstyrar er tilstades, vedtek parlamentet dagens ordstyra

Studentparlamentet godkjenner protokollen frå møte 01.11.23.

## Sak 24 – 23/24: 2.3. Godkjenning av sakslista

Type sak: Vedtakssak

Saksframlegg: ordstyrar

### Vedtak: (samrøystes) Godkjent saksliste.

Studentparlamentet vedtek fylgjande dagsorden med saksliste for møtet:

		Dagsorden med saksliste for møte 29.11.23.		Saksframlegg
16.00	00	Felles middag		
16.30	23	Godkjenning av innkalling og protokoll	V	Ordstyrar
	24	Godkjenning av sakliste	V	Ordstyrar
	25	Orienteringar	O	Leiar
16:45	26	Revidering av budsjett	V	Velferdsansvarleg
17:00	27	Allmøte for tillitsvalte	D	Fagansvarleg
17:20	28	Rekneskapan for Faddervekestyret 2023	O	Leiar av fadderveka
17:50	29	Innspel til investeringsmidlar	V	Leiar
18:10	30	Frivilligpermisjon	D	Nestleiar
18:25	31	Studentprisen 23-24	D	Leiar
18:40	32	Vegg til studentorganisasjonar	V	Nestleiar
19:10	33	Open moglegheit til å omgjere parlamentskontoret	V	Leiar
19:30	34	Sanitærprodukt ved alle toalett	V	Internasjonal ansvarleg
	35	Eventuelt		
		Møteslutt, møtekritikk		

\*V = vedtakssaker, O = orienteringssaker D = diskusjonssaker.

## Sak 25 – 23/24: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Saksframleggar: Leiar

AU orienterer om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

- Hans Strøm er ope for bruk for studentane frå 12. desember. Sjekk også ut nytt flott møterom for SP på Hans Strøm.
- Nytt parlamentskontor? Markering?

- Julemarked 4. desember! Samarbeid med velferdsgruppa. Graut til 300 stk + saft og peparkaker. Startar kl. 17.
- Opplæring av nemnd og utval vart haldt 09.11.23. Honorar skal vere på veg til alle, men ta kontakt med Hege Robudal Stenkløv om det ikkje kjem.
- Vi prøver å få til juleavslutning 8. desember. Stemning for julemat frå kantina. Informasjon kjem på messenger.
- Testing av seksuelt overførbare sjukdommar. På skolen? Viktig at det er tydeleg kvar det er. AU arbeide vidare for informasjon. Helsestasjonen har brukt å vere ein stasjon på rebusen i fadderveka.
- Det trengs 27 fadras til Buddyweek i starten av januar, og alle blir oppmoda om å melde seg.
- Oppdatering frå SiVolda og kantina om kaffemaskin og automatane. Rensing, telefonnummer når det ikkje kjem kaffi, fleire kaffimaskinar ikkje plass til på mediebygget, men dei frå Aasen blir flytta til Strøm. Kaffiavtale; medbrakt kopp kostar 12 kr påfyll.

## Sak 26 – 23/24: Revidering av budsjett

Type sak: Vedtakssak  
Saksframlegg: Velferdsansvarleg

---

Studentparlamentet reviderte budsjettet på sist møte, 01.11.23. No viser det seg at vi hadde ein utestående faktura frå landsmøtet til NSO på 11.144 kr. Det betyr at vi må flytte litt midlar tilbake til posten "kurs og seminar".

**Debatten:** Ingen innlegg. Ordstyrar gjorde merksam på at overskytande av løyvinga «forsvinn» ved årsskiftet.

**Forslag til vedtak:** Studentparlamentet flyttar 4000 kr frå budsjettposten "møte" og 5000 kr frå budsjettposten "Drift" over til budsjettposten "kurs og seminar".

**Vedtak:** (samrøystes) Studentparlamentet flyttar 4000 kr frå budsjettposten "møte" og 5000 kr frå budsjettposten "Drift" over til budsjettposten "kurs og seminar".

## Sak 27 – 23/24: Allmøte for tillitsvalte

Type sak: Diskusjonssak  
Saksframlegg: Fagansvarleg

---

Kvart år vel alle heiltids studieprogram to tillitsvalde frå sitt kull. Studentparlamentet inviterer til allmøte for desse 3-4 gongar i året, men det er stort fråfall på møta. Kva bør vektleggjast når vi skal arrangere dei to neste møta?

**Debatten:** Fagansvarleg har laga eit spørjeskjema ho ber SP svare på.

Kva treng tillitsvalte/studentar info om?

Er det info/opplæring parlamentet har fått som vi kan ta med vidare?

Korleis få tillitsvalte til å møte? Viktig med rette infokanalar. Messenger for mindre møter. Canvas for større møter. «Hype»/spanande aktivitetar/konkurransar. Viktig med info om dagsorden før møta.

Møtestad: Rokken, kantina?

## Sak 28 – 23/24: Rekneskapen for Fadderveka 23

Type sak: Vedtakssak

Saksframlegg: Organisasjonskonsulent Kardis Hasfjord

Vedlegg: 4

---

Fadderveka 2023 legg fram årets rekneskap for Studentparlamentet.

**Forslag til vedtak:** Studentparlamentet tek rekneskapen til Fadderveka 2023 til vitande

**Vedtak:** (samrøystes) Studentparlamentet tek rekneskapen til Fadderveka 2023 til vitande

## Sak 29 – 23/24: Innspill til investeringsmidler

Type sak: Vedtakssak

Saksframlegg: Leiar

Vedlegg: Vedlegg 1

---

Leiar har hatt møte med drift hvor innspillene til investeringsmidlene har blitt diskutert.

Det er ønskelig at parlamentet kommer med konkrete tilbakemeldinger om:

1. Sitjemøblar på biblioteket og i 2. etasje på BK
2. Betre ventilasjon og varme på Nye Kaarstad.
3. Vass-dispenserar på campus - Hvor er det ønskelig å plassere disse? - Hva konkret trenger vi?
4. Flere stikkontakter - Hvor er det ønskelig å plassere disse?
5. Hvor og hvilke typer utemøblar trengs rundt på campus?

### Debatten:

Ad. 1. Singelpultar langs kanten eller fleire to-setrar i 2. etasje på BK, og gjerne ein av dei store sofaane.

Ad. 3: Ammy noterer forslag til plassering av nye vass-dispenserar.

Ad. 4: Fleire stikkontaktar på Kaarstad: 204 i baren under seta. Viktig at kontaktane er lett tilgjengeleg. Dei fleste klasseromma på Kaarstad kunne hatt tromlar som hang på vegg. Kantina på BK nede i sofaavdelinga treng fleire stikkontaktar, gjerne av dei svarte borda med stikkontaktar i.

**Forslag til vedtak:** AU tar de konkrete innspela vidare til drift.

**Vedtak:** (samrøystes) AU tar de konkrete innspela vidare til drift

## Sak 30 – 23/24: Frivilligpermisjon

Type sak: Diskusjonssak

Saksframlegg: Nestleiar

---

Fleire studentorganisasjonar varslar problematikk rundt studentengasjement innanfor organisasjonane. På parlamentsmøte 01.11 varsla dagleg leiar på Studenthuset Rokken, Åge Staurset, behovet for fleire frivillige. Eit direkte innspel frå studenthuset var om HVO innførte ei ordning med frivilligpermisjon frå studiet, med høve til å få nokre ekstra timar eller dagar i året til frivillig innsats. Retningslinjene for frammøte og fråvær i utdanningar med obligatorisk frammøte seier i pkt 8: «Ein student som har tillitsverv i styringsordningar ved Høgskulen i Volda og Studentsamskipnaden i

Volda, verv i nasjonale eller internasjonale studentorganisasjonar, eller har plikter i offentleg valde organ, kan søkje dekanen om fritak frå heile eller delar av kravet om obligatorisk frammøte."

AU foreslår at ei potensiell ordning kan vera at dersom ein student har fylt opp kravet om å jobbe to vakter i månaden, kan dei søkje om eit delvis fritak frå obligatorisk oppmøte. Ei slik løysing kan bli justert til å gjelde all deltaking i studentorganisasjonar der aktiv deltaking er nødvendig for å drive organisasjonen og for studentane sin eigen trivsel.

**Debatten:** Fokusere på gode ordningar for styremedlemmar. AU arbeider vidare med forslaget, og kjem evt. tilbake med ei vedtakssak.

## Sak 31 – 23/24: Studentprisen 23-24

Type sak: Diskusjonssak

Saksframlegg: Leiar

Vedlegg: Vedlegg 2

---

Studentprisen (kr. 7500,-) vart i år utsett og det har vore diskutert å flytte nominasjonen til våren slik at alle studentar kan bli nominerte. Leiar opnar for diskusjon i Studentparlamentet om den beste måten å dele ut prisen på:

Tidspunkt, kontekst, promotering, evt. samarbeid med internasjonal pris?

**Debatten:** Kjekt å gjere noko stort ut av det. Gjerne eit arr med musikk i midten av vårsemesteret. Ikkje mogleg å unngå alle praksisperiodar. Unngå eksamensperioden i mai/juni, men gjerne to veker før. April? Kan også vere i samband med eksamensboost. Tema: Vårsløpp, lyse tider. Skjemaet ligg allereie ute, men det må ut til alle. Tillitsutvalet kan informere alle. I april er det mykje promotering til val av AU. Stor stemning for både april og eksamensboost.

**Forslag til vedtak:** AU tar med diskusjonen vidare og jobbar med innspela frå Studentparlamentet

**Vedtak:** (samrøystes) AU tar med diskusjonen vidare og jobbar med innspela frå Studentparlamentet

## Sak 32 – 23/24: Vegg til Studentorganisasjonar

Type sak: Vedtakssak

Saksframlegg: Nestleiar

---

Me ønskjer å synleggjera aktiviteten til studentorganisasjonane på campus. Eitt tiltak er å bruka ein del av pengane til ein skjerm (som drift har gitt positive signal til) + korktavle på ein infovegg like utanfor kontoret til Studentparlamentet til bruk for alle studentorganisasjonar, studentlag, festivalar og liknande. Formålet er å synleggjera informasjon om kva studentane kan engasjera seg i ved Høgskulen, og unngå «stolpekonkurransen». Veggjen kan administrerast av informasjonsansvarleg i AU.

**Debatten:** Formålet er promotering berre for studentdrivne aktivitetar. Kunne det vere eit alternativ med ein statisk og ein rullerande skjerm? Korgveggar har sine fordelar, men det kostar å printe ut plakatar, så det er ein fordel med digitale plakatar. Korgveggen på BK kan brukast av andre enn studentorganisasjonar.

**Forslag til vedtak:** Arbeidet tas vidare etter innspel frå diskusjon, og relevante aktørar tas kontakt for utføring av eit slikt prosjekt.

**Vedtak:** (samrøystes) Arbeidet tas vidare etter innspel frå diskusjon, og relevante aktørar tas kontakt for utføring av eit slikt prosjekt.

## Sak 33 – 23/24: Åpen mulighet til å omgjøre parlamentskontoret

Type sak: Vedtakssak

Saksframlegg: Leiar

Vedlegg: Vedlegg 3

---

Akademika skal likevel ikke flytte inn i parlamentet sine lokaler. AU ser da en mulighet til å bruke lokalet til en studentplass som skaper et større studentengasjement, noe som trengs på campus. AU ønsker en diskusjon hvor parlamentet kommer med et konkret forslag til hva de gamle lokalene til parlamentet skal brukes til. Forslag som allereie er blitt diskutert med AU og velferdsgruppa: - Behov for møteplass, "studentstue"/studenthub - Mini kjøkkenkrok til vaffelsteking - Aktivitetsrom, shuffelboard, spill - Stillekrok, et sted som kan brukes til små arrangement - Flerbruksrom – flytte på møbler - Mulighet til å ha dørene åpne og lukket - Utlån av symaskin - Må ha retningslinjer for bruk

**Debatt:** Ros til Ammy. Flott plass til strikking. Gaminghjørne/sofa til t.d. 4 spelarar. Biljardbord. Pass på at ikkje berre studentorganisasjonar får bruke plassen. Kjøpe eitt bordtennisbord til. Vaffeldag ein dag i mnd med velferdsgruppa. Pop-up-butikk-område. Møblar på hjul. Multimediarom, eller ikkje blande alt mogleg?

**Forslag til vedtak:** Parlamentet tar innspela vidare til drift.

**Vedtak:** (samrøystes) Parlamentet tar innspela vidare til drift.

## Sak 34 – 23/24: Sanitærprodukt ved alle toalett

Type sak: Vedtakssak

Saksframlegg: Internasjonalt ansvarleg

Vedlegg:

---

Vi, fra Studentparlamentet, vil formelt fremlegge følgende vedtak til deres vurdering og godkjenning i håp om å forbedre studenters daglige liv ved Høgskulen i Volda.

I tråd med NMBUs vedtak på Studentting 6, 08.11.2021, angående lik tilgang til sanitærprodukter, og med henvisning til den langsiktige strategien for NMBU for 2021-2023, skal Høgskulen i Volda implementere følgende tiltak for å sikre likestilt tilgang til nødvendige sanitærprodukter for alle studenter: Tamponger og bind skal tilbys gratis på toalettene ved Høgskulen i Volda og studentsamfunnet hus Rokken.

**Debatten:** Maher har undersøkt økonomien og fått signal om at det kan koste om lag 50 000,- pr år. Forslag om automat på alle toalett, men ikkje i kvar bås. Kor mange automatar er det realistisk å ha? Både på Rokken og campus? Må ta omsyn til hygiene. Det ideelle er å ha eit tilbod i kvar bås/toalett. Men det er trøngt i båsane. Og mykje arbeidet med etterfylling på veldig mange plassar. Det er også ønskeleg å ha ei løysing med våtserviettar, enten i kombo med sanitærprodukt, eller tilgjengeleg i båsane.

**Forslag til vedtak:** Studentparlamentet vil arbeide for gratis tilgang til sanitærprodukt ved Høgskulen i Volda og studenthuset Rokken.

**Vedtak:** (samrøystes) Studentparlamentet vil arbeide for gratis tilgang til sanitærprodukt ved Høgskulen i Volda og studenthuset Rokken.

## Sak 35 – 23-24: Eventuelt

Saksframlegg: Den faste representanten som vart valt tidlegare i haust har sagt frå at han ikkje likevel kan delta. Ingen av møtedeltakarane sa seg interesserte i å overta vervet. Heller ikkje vararepresentanten ynskte å bli fast representant.

## Møteslutt kl: 19.40

### Møtekritikk etter formell møteslutt:

Godt møte, trass i litt dårleg oppmøte og sein start.

Gøy med konstruktive diskusjonar.

Flott at vi klarte å bli vedtaksdyktige, og nyttig med digital løysing.

Litt få pauser med to små avbrekk i eit langt møte.

Interessante saker det skal bli kjekt å følge.

Kjekt med overraskande besøk av tidlegare parlamentsleiar Trond Fredrik.

God jul til alle og lykke til på eksamen!